



Voss ski- og tursenter

Dato: 19.06.2014

Vår ref.: 2014/1441-11

Saksbehandlar: Bjørg Larsen

Dykkar ref.: 13/866-58 4414/14

Voss kommune - søknad investeringstilskot Voss ski- og tursenter anleggsnr 1235 0107 14

Fylkesutvalet i Hordaland vedtok i møte 20.5.2014, å løyva kr 500 000,- til Voss ski- og tursenter, Voss kommune.

Midlane vert med det første overførte til Voss kommune til bankkonto 3201 46 70954.

Føresetnader for tilskotet

- Det er ein føresetnad for tildelinga at krav til god økonomiforvaltning, kontroll og rapportering vert oppfylde
- Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha høve til å setja i verk kontroll med at midlane vert forvalta som føresett. Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha rett til dei dokument og opplysningar ein finn påkrevd for sin kontroll
- Gjennom aktivitetar, informasjonsmateriale m.m. skal det synleggjerast at Hordaland fylkeskommune er tilskotsgevar. For bruk av fylkesvåpenet gå inn på nettsida <http://www.hordaland.no/logo>
- Det er ein føresetnad at tilskotsmottakar aksepterar og nyttar ordninga med følgjekort for funksjonshemma. Funksjonshemma som kjøper billett skal ha rett til gratis billett til sitt følgje.
- Vi gjer merksam på at dersom verksemda mottok meir enn 50 % av inntektene frå det offentlege, vert verksemda omfatta av "lov om offentlige anskaffelser".

Klagerett

Forvaltningslova gjev søkjarar som har fått avslag på søknad om tilskot frå spelemidlane rett til å klage over det vedtaket som er gjort, sjå Forvaltningslova §27 tredje ledd og §28 andre ledd, samt kapittel 7 i føresegnene om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet, V-0732. Klagefristen er 3 veker frå den dagen dette brevet er motteke. Dersom fylkeskommunen ikkje endrar vedtaket som følgje av klaga, skal saka sendast Kulturdepartementet for endelig avgjerd.

Klageskjema finn ein på sida: <http://www.signform.no/dss>

Britt Karen Spjeld
Leiar

Bjørg Larsen
Spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Voss kommune